

NORSK FOLKEMINNELAG NR. 82

TORE BERGSTØL

ATTERLJOM

FOLKEMINNE FRÅ SMÅDALANE.
KRING LINDESNES

III



m

398

B45 at

b.3

OSLO
(NORSK FOLKEMINNELAG)
1959

121

noge godt ver,» sa ho til meg. Dei hadde nokre såter ståande nedetter bakken. Men Knud svarte: «He du heurt sligt? Du he då aller heurt anna enn at dæ bli godt ver att ein gong.» Han ville nok heller sitta inne og prata enn ut og streva med såtene.

Mykje av det Knud fortalde var av stort verd.

Då det lei så langt på kvelden at eg måtte på heimveg, sa Knud: «Du, veid du ko eg to deg for då du kom inn her ista — ein a desse emisæran — å dei æ eg så forsenna på.»

INNHALD

	Side		Side
Føreord	5	Gastar	
Eventyr		Gasten på Skodefjedde ..	39
Per og Pål og Osmun	7	Gasten i Sådemorsvanne .	39
Reven og bjørnen	9	Gasten i Sjendybelen	39
Per og Pål og Espen	11	Gasten på Torjesheuen ..	40
Enkemansdottera	14	Iddevannsgasten	40
Per og Pål og Espen	15	Svørhoggasten	41
Segner		Ivelandsgasten	41
Varulv	20	Hisåsgasten	42
Dyre	21	Gasten i Hegrestadvanne .	42
Kong Hunde	21	Gasten ved Rennevanne .	42
Besett	21	Å hjelpa gasten	42
Sibilla	22	Trolldom	
Vise-Knut	22	Å stansa blod	43
Olav den hellige	23	Peder Dass	44
Kråga frå Spangereid	23	Barselkoner og barn	45
Skomagerkniben	24	Offer til dulde makter	47
Presvijå	24	Råd for sjukdomar på folk	
Lindesnes	24	og fe	
Frå sjømannslivet	24	Helsebot	49
Toddasprangje	25	Klumsebide	49
Rig-Ånen	25	Tjora og salt og tri lus ..	50
Gudebildan på Hægebo-		Gulsott	50
stad	26	Kjørkjeklokka	50
Røvarar	26	Merke	51
Holet i Huddefjedde	27	Litt av kvart	
Brule	27	Lussiusætta	55
Dulde ting	28	Peder Clausson	55
Vigd jord	32	Store flaumar	56
Underjordsfolk	33	Perlefiske i Urdalselva ..	57
Nissen	36	Merkesteinar	59
Jolebukken og Oskoreid ...	38	Vardar	60

Ho hadde ei dotter att som blei gift med Vilhelm Henrikson Oftebro, bestefar til forteljaren, Gabriel Oftebro.

Prekestolen til Peder Clausson skal stå hos Gabriel Pederson på Skofteland. Den blir brukt til skåp.

Store flaumar.

Rundt 1820 var det ein flaum i Audna som dei kalla Visitasflaumen. Det var ein søndag. På Erse i Sør-Audnedal hadde dei lamman bort på Erseøynå. Men då folk kom ifrå kjørkja, såg dei korkje øyna hell lamman.

*

I 1864 var det og ein stor flaum. Når ein såg utover Foss i Sør-Audnedal, så såg husan ut bare som såter. Det var det bilet kornet sto på staur. Utover Gaubedalen hang kornbanda i trea utetter heile fossen. Det kunne ikkje nytta å samla det ihop att, for det var så sundrive og ureint. Ja, då gjekk det mykje mat for folk.

Under denne flaumen var det bryllup hos Per Person på Spilling. Gjestene var komne, og alt var istand, men då dei skulle reisa til kjørkje, var flaumen så stor, at dei måtte setta ut reisa til tredje dagen.

*

I 1892 var det og ein stor flaum. Det var ein søndag det var konfirmasjon i Vigmostad. Då kjørkjefolk skulle heim att, så måtte dei enten gå heian, eller og måtte dei som hadde hestar, køyra folk så lenge det gjekk. Hos Pær i Lølandsmoen måtte dei fløtta krettoret på låven, for vatnet gjekk opp i floren. Hos Ola Røydan og Siri Bergstøl på Vigmostad måtte dei og flytta krettoret ut or floran. Og like eins var det på Spilling.

Perlefiske i Undalselva (Audna).

Før i tida var det ei mengd med skjøl (kråkeskjøl) i Undalselva. Men for ein 50 år sidan minka det av, og nå er dei heilt borte. Dei var svarte på lit og omlag 4 tommar lange og 2,5 tomme breie og 1 tomme på det tykkaste. Det var som tvo skåler som var lagt mot kvarandre. Dei var opne rundt den tynnaste kanten og sterkt samanvoksne i den tykkaste kanten. Dei kunne opnast som ei bok, men ryggbanda klemde dei godt saman. Inni låg det ein musling.

Når ein opna desse skjølene, kunne ein av og til finna perler. Dei var så store som små erter. Nokon av dei var gråbrune, men enkelte var skinande blanke.

Dei gamle fortalde at danskedronninga hadde eineretten til perlefisket i Undalselva og at det var funnen så blanke perler her at ho sette ei på kvar voggestolpe, og dei lyste som ein moreld så ho slapp å ha lys ved vogga for prinsen eller prinsessa.

At danskedronninga hadde eineretten til perlefisket her, syner klart dette brevet:

Hendes Majestæts

Dronning Julianæ Mariæ,

Dronning til Danmark og Norge, de Venders og Gothers;
Hertuginde til Slesvig, Holstein, Stormarn og Ditmarschen;

Grævinde udi Oldenborg og Delmenhorst; fød Prinsesse
til Brunsvig-Wolfenbyttel

Allernådigst beskikkede Inspecteur over Perlefangsten i Norge.

Matthias Hencke

Gjør hermed vitterligt, at jeg haver antaget og beskikket,
som jeg og hermed forordner Bent Olsen Hegebostad
til Hendes Majestæts Dronningens Tieneste, at være Perlefisker
ved Undahls Elv

Udi hvilken Tieneste han efter den for mig aflagde Eed haver
at forholde sig troe, ærlig og flittig; ingenlunde forsømme den
til Fiskeriet berammede Tid, men når han fisker, levere hvad

Perler han finder til mig, eller den som Fuldmagt haver paa mine Vegne Perlene at modtage af hvad Sort de end være, og derved i alle Maader søge Hendes Majestæt, min allernaadigste Dronnings Bedste, Skade af yderste Magt at afværge, og uden Hensigt til nogens Stand ikke fordølge hvad han mod Allerhøystbemeldte min Allernaadigste Dronnings Interesse kand vide at være skeet. For saadan Troskab bliver benevnte Bent Olsen deelagtig i alle de ved Kongelige over Perlefangsten udgivne Forordninger Perlefiskerne allernaadigst forundte Frihed, saasom Frihed for udskrivning til Lands og Vands i Krigs- og Freds-Tider, Frihed for Skyds, Tingmand og Vede-vagt, og dette saa længe han ey noget mod sin aflagde Eed begaaer eller foretager, thi om andet skulde befindes, bliver han ey allene sin Tieneste qvit, men endog efter Forseelsens Beskaffenhed Tiltale og Straf underkastet. Saaledes bekræftes denne Constitution under min Haand og Hendes Majestæts Perle-Inspecteur-Embedet forundte Signet.

Christiansand, den 20 Februari 1760.

M. HENCKE

Brevet er forseglat med lakk, og i ringen rundt stemplet står: **Perle-Fangst-Inspecteur-seigl** i Norge. Innom ringen står kongekrona og eit sers flott monogram JM.¹⁾

*

I 1855 sendte sokneprest M. Kjerulf ei faddergåva til Gustava Hauge, sonedotter til Hans Nilsen Hauge. Det var ein liten ring med ei perle som var fiska i Undals elv, og denne perla

¹⁾ Dette brevet er eit sers interessant prov for at folketradisjonen ofte har ein historisk kjerne.

Segna om dei fire perlene på voggestolpane hos den danske dronninga, skreiv eg opp i 1926 etter Maria Ouglands forteljing, og i 1954 fant eg brevet hos Tobias Kristenson Hegbostad.

T. B.

skulle minna henne om Undal og Vigmøstad der far hennar hadde vore prest og der ho var født, og hvor der også er et perlefiske».

Merkesteinar.

På Heddågeren på Valand i Konsmo sto det i eldgamal tid ei stor steinhella. Det gjeng segn av at i ein ufred så blei det ikkje redda fleire enn dei som fekk gøymt seg bak denne hella.

Ho hev nok ein gong stade på ende, men så hadde ho kanta avenna. For mange år sidan hadde dei då teke seg på tak og reist henne på kant, ikkje på ende.

Når det var vertskap på garden, så måtte den som skulle vera noko til kar, stå på kanten av hella og drikka av ei stor ølskål.

I 1820 åra kjøpte gamle Ola Jonson på Agedal denne hella for 5 dalar og fløtta henne til Agedal. Det måtte til 6 hestar og mange mann og 40 pottes brennevin til fløttinga.

Denne hella blei fløtta til Øygarden då Pær kjøpte buret på Agedal og fløtta det til Øygarden. Det er ei svært stor hella. Ho er 2,90 m høg og 1,42 m breid og 15 til 30 cm tykk. Det må ha vore lagt mykje arbeid på henne. Øvre kanten er fint avrunda og tilhoggen.

Det skulle ha vore ei grav der hella hadde stade på Valand.

Straks ovanfor Heddågeren er det ein liten flate, som dei kallar Skjeiå. Tvers over for Valand er det ein odde som stikk ut i Øydnevanne. Den kallar dei Skjeistokkjen.

*

På Sjibtesmoen utanfor Hegbostad i Vigmostad sto det ei lang rad med oppreiste steinar. Det var ei rad på rundt 170 fot. Steinan var så store at det var eit passe hestelass i kvar. I begge endan av rada sto det ein mannshøg stor stein. Dei sto alle saman i ei strak linja. Men nå er dei borte. Då dei bygde den nye vegen, blei dei tekne alle saman til vegfyll.